

Bergen, 24.01.2017

Vel møtt til Fylkesstemna for born 9.-11. juni 2017

Bergen ungdomslag Ervingen, saman med Hordaland Ungdomslag skipar til fylkesstemna for born helga 9.-11. juni 2017. Me vil med dette invitera alle lag til ei fin helg i Bergen.

Stemna vil gå føre seg på Årstad vgs, Fjøsangerveien 38.

Fylkesstemnet er for dei som dansar, driv med teater, spelar eit instrument eller held på med anna aktivitet. På stemna vert det ulike aktivitetar, dans, disco, uteaktivitetar, kiosk, underholdning, ballspel, overnatting på sovesal/klasserom, leik og moro. Håpar du og ditt lag vil koma til oss denne helga.

Vedlagt ligg stemneprogram, aktivitetar og påmeldingsskjema til stemna. Me har sett påmeldingsfrist til stemna den **28. april 2017**. Faktura vert tilsend etter dette. Vil de vita meir om stemna ta kontakt.

Stemneavgift:

Avgifta er kr 800,- for born som er medlem i NU og kr 900,- for dei som ikkje er medlem. Leiarane / føresette som er med skal betale same avgifta som borna.

Samdans- / spelprogram:

Me har laga eit felles program som vert vist ein gong i løpet av stemna. Om de ynskjer DVD med dansane eller CD med lydfile, kan de ta kontakt.

1. Herr Smett på ring og parvis (etter alder / nivå) (polkataktt)
2. 1-2-3- polka på ring (polkataktt)
3. Trekrossedans frå Nordhordland (springartakt)
4. Sekskrossedans frå Melvær (reinlendartakt)
5. Tauskjerringvisa
6. Her e me grannar
7. Pisi og fuglen
8. Såg du noko til kjerringa mi?

Framsying, utstilling, konsert osv

Dei som driv med teater, foto, kunst, dans, musikk eller andre aktivitetar er velkommen til å vise dette i løpet av helga. Me håpar mange vil bidra slik at stemna vert mest mogleg mangfaldig!

Helsing

Bergen ungdomslag Ervingen